

Hardingsmolt AS
Lysevegen 20,
5620 Tørvikbygd

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen
post@vlfk.no

Søknad om auka MTB og anleggsendring ved lokalitet Koløy N

Hardingsmolt søkjar med dette om auka MTB og anleggsendring ved lokalitet 11575 Koløy N. Dagens anlegg består av 4 lukka einingar (definert etter NS9417-2022), og me søkjar no om å utvide med 4 nye lukka einingar. Samstundes søkjast det om å utvide dagens MTB frå 780 tonn til 2340 tonn MTB. På Koløy produserer me postsmolt i lukka einingar, og begrepa om produksjonssyklusar er ikkje heilt dekkande for å forklara vår drift. Sjå eige vedlegg om produksjon og konseptskisse under punkt 6 andre opplysningar.

Ved å skilje fisk og lus vil ei utviding ved anlegget ikkje medføre auka lusepress for villaks eller sjøaure i området. Samstundes vil ein utvida produksjonskapasitet ved lokaliteten gjere at me kan sette ut ein større andel stor smolt ved dei opne anlegga til Fremskridt Laks og Kobbevik og Furuholmen, som er eigarane våre. Eit utvida anlegg gjer også rom for å auke storleiken på fisken ein sett ut i dei opne anlegga, og samla sett vil ein difor kunne redusere produksjonstida på sjø betrakteleg ved å utvide Koløy N. Ei utviding mogeleggjjer i tillegg at ein ved lokaliteten har tilstrekkelig volum til å ta enkelte grupper heilt til slakt.

Me har i dag ein grøn C konsesjon i Hardingsmolt AS, og vilkåra i denne tilseier at ei eventuell samlokalisert drift på denne lokaliteten også skal gjerast lukka. Det er ei sterk forventning om at Miljøfleksibilitetsordninga vil kunne bety at nedtrekk i MTB kan nyttas lukka, og me vil i neste omgang be om at eigarane våre, Fremskridt Laks AS og Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS sine konsesjonar i PO3 vert samlokalisert på lokaliteten. Samlokalisering vil me søkje om når det er indikasjon på at denne Miljøfleksibilitetsordninga vert klar.

Det er ikkje lagt ved konsekvensutreiing, då ein vurderer at kunnskapsgrunnlaget i saken er godt nok. Skulle det være behov for meir dokumentasjon, opplysningar eller avklaringar er det berre å ta kontakt.

Tørvikbygd, 09.08.2024.

Med venleg helsing,

Frode Sandven

Dagleg leiar